

## **MØTEBOK**

### **REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL**

**Møtedato:** Torsdag 27.3.2014  
**Stad:** Geilo, Bardøla Høyfjellshotell

#### **Desse møtte frå Regionrådet:**

Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Tony Kjøl,	Hol kommune
Ivar Brevik,	Ål kommune
Hallvor Lilleslett,	Gol kommune
Tor Magnussen,	Nes kommune

- Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar
- Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontakt Anne Sandum og regionkontakt Tore Gilhuus.
- Rådmannsutvalet deltok i sak 12 - 15

---

#### **SAK 12/14 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 27.3.2014**

##### **Vedtak**

Møteprotokoll for møte 27.3.2014 vart vedteke.

#### **SAK 13/14 UTVIKLINGSPROGRAM FOR BYREGIONAR, FASE 1**

Buskerud fylkeskommune ved Eli Nakken Lundquist orienterte om utviklingsprogrammet og Buskerud fylkeskommune si rolle i saka.

Dagleg leiar orienterte om kontakt med Kommunal- og moderniseringsdepartementet i forhold til å avklare handlingsrommet, med tanke på å definere Utviklingsprogram for byregionar som eit regionalt prosjekt.

Regionrådet drøfta saka og kom fram til omforeint forslag til vedtak.

##### **Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal ser svært positivt på Utviklingsprogram for byregionar.
2. I samråd med Gol kommune ynskjer Regionrådet for Hallingdal at Hemsedal kommune har prosjektansvar for utviklingsprogrammet for Hallingdal.  
Avklaring må skje i samråd med Kommunal- og moderniseringsdepartementet.
3. Målet for utviklingsprogrammet må vera å utvikle alle delar av Hallingdal og som region, og vidareutvikle attraktive tettstadar i Hallingdal. I ein slik samanheng må det og definerast ulike rollar som kommunane kan ta, og som i sum gjev ønska utvikling for Hallingdal.
4. Utviklingsprogrammet må samordnast med Strategisk plan for Hallingdal
5. Arbeidet i fase 1 må definerast nærare, men ein del av analysearbeidet må vera å få vurdert fordelar/ulempar med eit definert regionsenter eller med ei form for «fleirkjernestruktur», som Hallingdal har i dag. I eit slikt arbeid må det og analyserast kvifor Hallingdal er annleis enn andre distriktsregionar i forhold til ein del utviklingstrekk.
6. Rådmannsutvalet og dagleg leiar for regionrådet skal utarbeide nærare forslag til innhald i utviklingsprogrammet fase 1 og prosjektorganisering.
7. Regionrådet for Hallingdal løyver kr. 225.000 til programmet. Midlane blir teke frå Strategisk plan for Hallingdal.

**SAK 14/14 HALLINGTINGET**

Regionrådet drøfta tema for Hallingtinget.

I tillegg til årsmelding og rekneskap skal følgjande tema stå på dagsorden:

- Kommunestruktur, som hovudtema
- Sameferdsel
- Hallingdal 2020
- Eigarskap og strategiar i selskap der kommunane er eigarar

**SAK 15/14 GODKJENNING AV PROTOKOLL****Vedtak**

Protokollen er godkjent.

Geilo 28.3.2014

Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune

Ivar Brevik, Ål kommune

Tony Kjøl, Hol kommune

Hallvor Lilleslett, Gol kommune

Tor Magnussen, Nes kommune